
Saksnr: 2021/48285-3
Saksbehandlar: Susan Husabø

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		26.11.2021
Fylkesutvalet		30.11.2021
Fylkestinget		15.12.2021

Oppfølging av sak om reisetidsgaranti

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek saka til orientering.
2. Fylkeskommunen skal i inntaksprosessen sikre at flest mogeleg søkjarar til Vg1 med ungdomsrett får eit tilbod dei har søkt på. Der dette ikkje er mogleg skal søkjar få tilbod om skuleplass på den nærmaste skulen med samsvarande programområdetilbod som søkjaren har tilstrekkeleg inntakspoeng til å komme inn på.
3. Fylkestinget sitt mål om at ingen elevar skal ha lengre reiseveg enn 1,5 time med kollektivtrafikk, med mindre dei ønsker det, skal være førande for dimensjonering og planmessig utvikling av tilbodsstruktur.

Samandrag:

Fylkesdirektøren legg fram ny utgreiing om reisetidsgaranti for elevar i vidaregåande opplæring etter innstilling i PS 53/2021 i hovudutval for opplæring og kompetanse 26.10.2021.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bjørn Lyngedal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Utgreiing reisetidsgaranti Norconsult
221121

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesdirektøren viser til innstilling i hovudutval for opplæring og kompetanse 26.10.2021, PS 53/2021: «Fylkesdirektøren skal lage ei utgreiing som viser korleis ein reisetidsgaranti kan fungere, kva det vil koste og kva andre, både positive og negative, konsekvensar det vil ha».

Merknad frå Arbeidarpartiet knytt til innstillinga var: «Vi legg til grunn at tidlegare presiseringar knytt til denne saka, gjort gjennom vedtak i fylkestinget fortsatt gjeld.»

Fylkesutvalet vedtok i møte 9.11.2021 å utsetje saka.

Fylkesdirektøren legg her frem sak der ein gjer greie for moglegheita for å innføre reisetidsgaranti som gir søkjarar med ungdomsrett til Vg1 rett til tilbod om plass på ein skule, med eit utdanningsprogram eleven har søkt på, der reisevegen ikkje overstig 1,5 time. Fylkesdirektøren har hyra Norconsult til å gjere utgreiinga i tråd med gitte føringar frå hovudutvalet. Rapport frå Norconsult ligg som vedlegg til saka.

Hovudfunn frå Norconsult er at:

- Ein reisetidsgaranti vil i fyrste rekke gjere seg gjeldande for elevar som søkjar seg til yrkesfagleg opplæring.
- Ein reisetidsgaranti vil paradoksalt nok gjere seg gjeldande for elevar som allereie har akseptabel reisetid til mange skuletilbod.
- Ein reisetidsgaranti vil ha ei sentraliserande effekt, fordi elevane i sentrum ikkje treng å reisa til ledige skuleplassar ved utkantskulane.
- Ein reisetidsgaranti gjer at det må opprettast fleire skuleplassar som medfører overkapasitet i sentrum av Stor-Bergen.
- Flest elevar vert vidaresøkt frå skular i sentrum av Stor-Bergen og skular i kommunesentera.
- Flest elevar vert vidaresøkt til skular i ytre del av Stor-Bergen.
- Utkantskulane får meir ledig kapasitet som følgje av ein reisetidsgaranti.
- Dagens inntaksordning sikrar i stor grad alle elevar eit skuletilbod innan ein reisetid på 1,5 time.

Inntak til vidaregåande opplæring er regulert i lov og forskrift. Inntaket er karakterstyrt, og reiseveg kan ikkje leggjast til grunn som eit inntakskriterium på linje med karakterpoeng.

Det er i saka gjort greie for løysingar for at garantere at ingen får ufrivillig lang reiseveg. Desse alternativa har konsekvensar som er klart uheldige. Dette vil t.d. vere auka sentralisering, mindre samsvar mellom arbeidslivet sine behov for kompetanse og søkarar til læreplass, og økonomiske konsekvensar med auka budsjetttramme.

Rapporten frå Norconsult dokumenterer at inntaket til 21/22 var godt og viste at svært få elevar fekk ufrivillig lang reiseveg. Fylkesdirektøren ser gjennom Norconsult sine vurderingar at ein reisetidsgaranti vil ha svært liten nytte, og gi fleire uønska effektar.

Fylkesdirektøren tilrår ikkje at fylkeskommunen etablerer ei reisetidsgaranti, men at ein gjennom vedtak om budsjett og tilbodsstruktur sikrar ei dimensjonering som gir kort reiseveg for elevane i fylkeskommunen.

Ved inntaket til skuleåret 21/22 var det 5623 søkjarar til 4887 skuleplassar i Stor-Bergen. Av desse søkjarane stod 590 utan tilbod om plass ved eitt av sine tre ynskte utdanningsprogram når plassane var fordelt i 1. inntaket, og 50 plassar var ledig.

Med førsteinntak som grunnlag, har Norconsult berekna behovet for fleire elevplassar for å gi søkarane eit tilbod ved førsteinntaket. Basert på søkarane sine ønsker i 2021, betyr det ein auke på 42 klassar, med ein kostnad på 63 mill. kr.

Eit slikt omfattande og kostbart grep vil ikkje gi garanti for at alle elevane får ein skuleplass innan ein reisetid på 1,5 time. Årsaka til dette er at elevar som fekk tilbod om sitt 2. eller 3. ønske kan stå på venteliste til høgare prioritert ønske. Med eit karakterbaserte inntak skal dei elevane få tilbod om skuleplassane før dei elevane som står utan tilbod. Ei reisetidsgaranti vil truleg gi eit nytt

søker mønster fordi søkerne vil prioritere skular som ligg nærare der dei bur. Det vil då vere uråd å vite eksakt kva tilbod som er tilstrekkeleg for å kunne gje ein garanti.

Vedtakskompetanse:

Fylkestinget har avgjerdsmynde.

Økonomiske konsekvensar: Ut frå Norconsult sine berekningar knytt til inntaket til skuleåret 21/22 ville det vere behov for 42 ekstra klasar til ein samla kostnad på 63 mill. kr.

Regional utviklingsplan: Ein reisetidsgaranti vil vere sentraliserande, og potensielt svekke elevgrunnlaget til skulane utanfor Stor-Bergen. Ein sentralisering av opplæringstilbodet der fleire får oppfylt førsteønske vil gjere fylkeskommunen i mindre stand til å tilføre arbeidslivet riktig og tilstrekkeleg kompetanse.

Folkehelse: Rapporten viser ingen samanheng mellom reisetid og fråfall.

Oppsummering

Norconsult har på oppdrag frå fylkesdirektøren utgreia reisetid, konsekvensar og kostnader. Rapporten ligg som vedlegg til saka.

Fylkesdirektøren tilrår ikkje å innføre ein reisetidsgaranti, men mål om at ingen elevar skal ha lengre reiseveg enn 1,5 time med kollektivtrafikk, med mindre dei ønsker det, skal være førande for dimensjonering og planmessig utvikling av tilbodsstruktur.